

Til Nordhordlandstinget og
forhandlingsutvala i Nordhordland
ved ordførarane.

Alversund 26. januar 2016

Kyrkja i Nordhordland og endra kommunestruktur


Representantar for dei kyrkjelege fellesråda/sokneråda i Radøy, Meland, Lindås og Austrheim var saman med kyrkjeverjene samla til møte 26.januar 2016. Tema var kva konsekvensar ei eventuell endring i kommunestrukturen vil ha for fellesråd, sokna og for kyrkjene våre.

På vegne av møtet oppmodar vi forhandlingsutvala i kommunane til å ta kyrkja med i det vidare arbeidet. Det er viktig at fellesråda/sokneråda i eittsoknskommunar vert tekne med på råd og orienterte undervegs. Møtet vil og peike på at kommunen etter kyrkjelova har plikter for den lokale kyrkja.

Med venleg helsing


Borghild Toft

Leiar i Lindås kyrkjelege fellesråd


Helge Dyrkøbotn

Leiar i Austrheim sokneråd


Gunnar Kartveit

Leiar i Radøy sokneråd


Regine Sagstad Berg

Leiar i Meland sokneråd